



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Trond Håkon Stadheim, 5557 2189

Vår dato
27.09.2016
Dykkar dato
20.09.2016

Vår referanse
2016/9680 422.5
Dykkar referanse
15/4123

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Klargjering av vedtak datert 15.08.2016 - Klage - Lindås - Gnr 22 bnr 1 - Åsgård - Frådelingssak etter jordlova

Lindås kommune har i brev datert 20.09.2016 bedt om klargjering av Fylkesmannen sitt vedtak datert 15.08.2016.

I samband med oversending av klagesaka blei kommunen sitt vedtak etter plan- og bygningslova stadfesta av kommunal- og samfunnsplanavdelinga hos Fylkesmannen. I dette brevet blei det ikkje tatt stilling til vedtak fatta med heimel etter jordlova, då denne oppgåva ligg hos landbruksavdelinga ved embetet.

Landbruksavdelinga hos Fylkesmannen blei på eit seinare tidspunkt gjort merksam på at kommunen også hadde fatta eit negativt vedtak etter jordlova, og har difor handsama klagen.

Fylkesmannen kan i samband med klagesakshandsaming etter forvaltningslova (fvl.) § 34 fjerde ledd *«treffe nytt vedtak i saken eller oppheve det og sende saken tilbake til underinstansen til helt eller delvis ny behandling.»*

Det er i jordlova § 12 tredje ledd angjeve fleire moment som det skal leggjast vekt på i samband med handsaming av ei frådelingssak. Ut i frå saksutgreiinga til kommunen var ein positiv til frådeling etter jordlova, men i konklusjonen kom ein likevel fram til at det ikkje kunne gjevast samtykke etter jordlova. Det var dermed ikkje synleggjort kva for omsyn og vurderingar som tilsa avslag etter jordlova i kommunen sitt vedtak.

Fylkesmannen vil i samband med dette presisere at uavhengig av om det blir gjeve samtykke eller avslag i medhald av jordlova, så skal det gå fram av grunngjevinga kva for omsyn og vurderingar som var utslagsgjevande for resultatet.

Dette var årsaka til at Fylkesmannen ved landbruksavdelinga oppheva kommunen sitt vedtak, då den delen som gjaldt jordlova, ikkje var grunngjeve i medhald av forvaltningslova § 24 jf. § 25. Dette er ein feil som kunne tenkjast å ha verka inn på resultatet sitt innhald, knytt til jordlova, og vedtaket etter jordlova § 12 var difor ugyldig, jf. fvl. § 41.

Sidan vedtaket til kommunen ikkje var tilstrekkeleg grunngjeve ut i frå dei kriteriana som følgjer av fvl. § 24 jf. § 25, var det heller ikkje mogeleg å ta stilling til om vedtaket etter

jordlova § 12 var fatta på riktig grunnlag. Det nærliggande var då å oppheve denne delen av vedtaket som følgje av ugyldigheit og senda saka tilbake til kommunen for ny handsaming, kor det ble bedt om at vedtaket etter jordlova ble tilstrekkeleg grunngeve.

Som det går fram av vedtaket til Fylkesmannen var det i denne saka nødvendig med samtykke etter både jordlova og plan- og bygningslova. Fylkesmannen bad difor kommunen sjølv om å vurdere om dette ville vere hensiktsmessig å handsame saka på nytt etter jordlova, all den tid det låg føre eit endeleg avslag om dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

På generelt grunnlag vil Fylkesmannen påpeike at plan- og bygningslova og jordlova er to sjølvstendige lovverk, som til dels skal ivareta same interesser. Jordlova tek likevel utgangspunkt i den aktuelle landbrukseigedom, mens plan- og bygningslova har eit meir overordna perspektiv. Det kan difor i den enkelte sak vere grunnlag for avslag etter det eine lovverket og samtykke etter det andre.

Kort oppsummert blei vedtaket som gjeld jordlova § 12 oppheva, då denne delen av vedtaket ikkje var tilstrekkeleg grunngeve etter fvl. § 24 jf. § 25. Manglande grunngeving er ein feil som kan ha verka inn på vedtaket sitt innhald, og førar difor til ugyldigheit etter fvl. § 41. Sjølv om vedtaket etter jordlova § 12 er ugyldig, vil det likevel ikkje ha innverknad for vedtaket etter plan- og bygningslova.

Med helsing

Åse Vaag
landbruksdirektør

Trond Håkon Stadheim
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.